

Vedtekter for Herand Landskapspark

§1 Navn

Navn: Herand Landskapspark.

§2 Føremål

Laget skal leggje til rette for auka bruk av Herand og landskapet rundt, på ein slik måte at natur, kultur og landskap vert teke vare på, og slik at næringsdrivande, grunneigarane lokalbefolkninga og tilreisande opplever det som positivt.

§3 Arbeidsområde og hovudoppgåver

1. Arbeida for og støtta opp om at det skal vera eit aktivt jordbruk i bygda.
2. Ta vare på og formidla kunnskap knytt til kulturminna i bygda mellom anna gjennom drift av formidlingssenter.
3. Stimulera til vedlikehald av kulturlandskapet, kulturminne og andre viktige element. Få aktivt grunneigar-/beitelag i Herand med tanke på maksimal utnytting av samla areal . Arbeida med gjerdeproblematikk.
4. Utvikla og vedlikehalda eit turstinett i bygda og området rundt i geoturismens ånd.
5. Arbeida for å oppretta eit kulturlandskapsfond som kan nyttast til å stimulera landbruket, stell av kulturlandskapet, stell av fellesareal i bygda, vedlikehald av turstiar ol.
6. Ha eit tett samarbeid med Herand bygdelag og andre lag i bygda. Stimulera til aktive tilbod til born og unge.
7. Marknadsføra landskapsparken og dei produkta som fell inn under denne. Aktivt støtte opp om næringsføretak som kan samle, marknadsføra og tilby reiselivstilbod i bygda. LP skal ha tett samarbeid med Reisemål Hardangerfjord og andre landskapsparker i Hardanger.
8. Leggja til rette for eksisterande og nye næringsverksemdar innafor Herand landskapspark
9. Byggje opp og halda ved like nettverket mot den offentlege forvaltninga, forskingsmiljøa og andre landskapsparker.

§4 Årsmøte

Årsmøtet er laget sitt øvste organ. Det skal haldast innan utgangen av mars og skal innehalda årsmelding, rekneskap og val. Årsmøtet skal velja ein revisor og ei valnemnd på to personar. Leiar skal veljast på årsmøtet for eitt år om gongen. .

Styret skal veljast på årsmøtet, og er samansett av 7 medlemmer med to varamedlemmer. Ein av representantane skal vera oppnemnd av Jondal kommune. Representantane vert vald for 2 år om gongen. Varamedlemmer for 1 år. På første årsmøtet er tre representantar vald for eitt år. Styret er laget sitt øvste organ mellom årsmøta, og skal leia laget i samsvar med laget sin føremålsparagraf, vedtekter og arbeidsprogram. Styret har det overordna ansvaret for drifta. Alle prinsipielle, viktige saker skal behandlast av styret med mindre dei skal leggjast fram for årsmøtet. Kvart medlem har ei røyst på årsmøte. Vedtektene kan endrast med 2/3 fleirtal, elles er simpelt fleirtal nok ved avstemming på årsmøte.

§5 Medlemskap og kontingent

Herand Landskapspark skal vera ein organisasjon for alle med interesse for eit velstelt kulturlandskap og trivsel for dei som bur i Herand.

Årsmøtet fastset kontingenten. Kontingenten for 2009 er kr.200 pr. person/firma.

§6 Økonomi

Styret og den daglege leiinga jobbar for å skaffa prosjektfinansiering til dei ulike prosjekta som vert sett i gang og elles skaffa midlar til drifta.

§7 Omorganisering oppløysing

Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å omorganisera laget eller avvikla det. Midlar som måtte vera i laget vert då overført ny organisasjon eller ved avvikling overførast Herand Bygdelag.